



Jarle Rønnestad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2188 - 19/2289

Saksbehandlar:

Inga Lill Holen

inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:

06.02.2019

Svar på spørsmål om tilbakebetaling - GBNR 51/38

Viser til skriv av 01.02.2019.

Tilbakebetalingskravet

Ved ein inkurie har ikkje den som utførar tømning av septiktankar i kommunen fått beskjed om at du har ein slamavskiljar. Kommunen beklagar dette.

Som følgje av at septiktanken ikkje har blitt tømt har du eit tilbakebetalingskrav mot kommunen. Kommunen vil betale tilbake det beløpet du har betalt ettersom tenesta ikkje har blitt utført.

Hovudregelen er at ein fordring vert forelda etter 3 år etter at den feilaktige betalinga fann stad, jf. foreldelsesloven § 2. Foreldingsfristen vert rekna frå forfallsdato, jf. § 3.

Med heimel i fordelsesloven § 10 nr. 1 kan foreldingsfristen bli forlenga inntil 10 år dersom fordringshavaren har «manglet nødvendig kunnskap om fordringen». I så høve inntreff forelding eitt år frå den dag då fordringshavaren «fikk eller burde skaffet seg slik kunnskap», jf. same føresegn.

Kommunen forventar ikkje at du skulle sitje inne med positiv kunnskap om at septiktanken din ikkje var registrert for tømning. Formuleringa «burde skaffet seg kunnskap» inneber imidlertid at fordringshavaren har ein viss undersøkelsesplikt, og kommunen legg til grunn at du burde ha skaffa deg kunnskap om tilbakebetalingskravet all den tid du ikkje har reagert på at tanken ikkje har blitt tømt.

Septiktankar til bustader vert tømt annakvar år, medan septiktankar til fritidsbustader vert tømt kvart fjerde år. Din septiktank vart installert i 2010, og du har betalt slamavgift sidan 20.10.2010. Kommunen vart ikkje gjort merksam på tilhøva før sommaren 2018. I løpet av denne perioden skulle tanken til din fritidsbustad ha blitt tømt mellom 2-3 gonger. Det har følgeleg gått åtte år utan at du har reagert på at tanken ikkje har blitt tømt, til tross for at tømning av septiktanker følgjer eit fast periodisk system.

Kommunen legg til grunn at du burde ha skaffa deg kunnskap om tilbakebetalingskravet seinast ein gong i 2015, då tanken din skulle ha blitt tømt for andre gong. Ettersom foreldring inntreff eitt år etter dette tidspunktet, betyr det at det ikkje er grunnlag for tilleggsfrist i medhald av § 10 nr. 1.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Som følge av det ovannemnde er foreldelsesfristen for ditt tilfelle tre år. Fristen si lengde er tre år frå sommaren 2018. Fakturaer sendt før 2015 er difor forelda. Det same gjeld faktura datert 25.02.2015. At krava er forelda betyr at du ikkje har krav på å få tilbakebetalt slamavgifta, jf. § 24.

Det du får tilbakebetalt er faktura datert 26.06.2015, 27.10.2015, samt alle faktura sendt i 2016 og 2017. Ettersom tanken din vart tømt i 2018, får du ikkje tilbakebetalt slamavgift for 2018.

Beløpa som leggjast til grunn er i samsvar med det du har innbetalt kvart enkelt år i perioden.

Tilbakebetalinga vil skje så raskt som mogleg.

Rentegodtgjering

Du meiner du har krav på renter ved tilbakebetalinga. Tradisjonelt er det lagt til grunn at det må liggje ein heimel for at kommunen skal ha renteplikt. Skattebetalingsloven §§ 11-3 og 11-4 er døme på slike heimlar. Ved vanlege pengekrav eksisterer det derimot ikkje ein lovheimel som pålegg renteplikt.

Ved vanleg tilbakebetaling beregnar kommunen ikkje rentegodtgjering. Du vert difor ikkje tilboden rentegodtgjering for den tida du har innbetalt for mykje.

Elles vil kommunen understrekje at reglane om forelding av fordringar og renteplikt er generelle og gjeld for einkvar fordring. Kommunen er på lik linje med dykk, bundne av desse reglane. Hadde tilhøva vore motsatt, hadde altså tilsvarande reglar verte lagt til grunn.

Tilhøva for abonnenten i Lyngnesvegen 22

Kommunen krev gebyr frå alle abonnentar som er registrert med ein slamavskiljar. Eit eventuelt tilbakebetalingskrav vil vere mellom kommunen og den enkelte abonnent. Sjølv om din tank er ein del av eit felles anlegg med ein anna, er tilbakebetalingskravet overfor ein annan abonnent ikkje ditt anliggende. Av den årsak er ikkje tilhøvet med abonnenten i Lyngnesvegen 22 nemnd i di sak.

Har du spørsmål eller kommentarar til saka?

Dersom du er ueining i kommunen si vurdering av saka eller det faktum som er lagt til grunn ber vi deg om å gje ein tilbakemelding **innan 19.02.2019**. De kan kontakte saksbehandlar Inga Lill Holen på telefon 56171449 eller e-post inga.lill.holen@meland.kommune.no.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Jarle Rønnestad